

Mal for omtale av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

I. Omtale av kvart område:

1. Namn på området og kort karakteristikk

Etne

- Jordbruksbygda Etne

2. Områdeavgrønsing, plassering (beliggenhet i Askeladden).

Sjå kart.

3. Skildring av området (maks 1 side)

På ei elveslette i botnen av Etnefjorden ligg den sentrale delen av bygda Etne nedanfor dei vide terrasseflatene på Grindheim og Stødle. Jordbrukslandskapet er ramma inn av fruktbare åssider opp mot dei vestre snau fjellsområda, og er brote opp i aust av dalføra Stordalen og Litledalen.

Landskapsrommet er vidt og har ein nesten sirkulær form.

Etne er ei av dei mest fruktbare bygdene på Vestlandet, og er særskild rik på kulturminne i marka som syner korleis menneske på ulike sett opp gjennom historia har utnytta dette grøderike området og endra det til dagens vidstrakte dyrkingsflater. På terrassane er det i nyare tid rydda åkrar fleire stader, og det er eit masseuttak i sørenden av Stødleterrassen. Landskapet er likevel særskild historieforteljande, og gjev ei sterk oppleving av kontinuitet og tidsdjupne.

I åssidene og på terrassane ligg bergkunstlokalitetar med jordbruksristningar og ei stor mengde attverande gravminne, som framleis pregar landskapet. Rike spor etter forhistorisk busetnad er å finne både i åssidene og på terrassane, og ligg særskild tett nede på elvesletta. Bygdebosetning frå eldre jernalder på markante høgdedrag i kvar ende av bygda gjev eit omsluttande inntrykk av landskapet som ein historisk viktig stad. Kongsgarden til Erling Skakke og den steinbygde mellomalderkyrkja på Støle vitnar om Etne som eit maktsentrum.

4. Fastsetting av landskapskarakter:

Landskapet utgjer eit vidt, sirkulært landskapsrom der Etneelva renn ut. Jordbrukslandskapet på elvesletta ligg nedanfor terrassane Grindheim og Stødle, og jamnt stigande åssider femner om landskapsrommet. Den fruktbare bygda Etne er særskild rik på kulturminne i marka som syner korleis menneske gjennom historia har utnytta dette grøderike området og endra det til dagens vidstrakte dyrkingsflater. På terrassane og i åssidene er svært rike funn av bergkunst og gravhaugar. Spor etter forhistorisk busetnad ligg særskild tett på elvesletta. Det er forsvarsanlegg frå eldre jernalder i kvar ende av bygda. Trass i mindre endringar i nyare tid er landskapet i høg grad leseleg.

5. Nasjonal interesse. Grunngeving for at området er av nasjonal interesse

Landskapet er inntrykkssterkt, og har kulturminne knytt til jordbruk vitnar om stor tidsdjupne og kontinuitet. Landskapet har ein mengde og konsentrasjon av bergkunst, busetnad og gravminne som er høg i nasjonal samanheng, og som på framstående vis er leseleg i landskapet. Landskapet er i nasjonal samanheng særleg historieforteljande.

6. Råd om sårbarheit, tålegrenser, forvaltning

Sårbarheit og tolegrenser:

Landskapet er sårbart for masseuttak, og for bebyggelse som gjer at terrassane i mindre grad framstår som i dag. Åssidene er sårbare for nybygningar og store inngrep, som kan truge leselegheita til den historiske jordbruksbygda.

Forvaltning:

Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegner og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det.